

# Forskrift om elevpermisjon for Bjerkreim kommune

Vedtatt av kommunestyret i Bjerkreim kommune 10. juni 24 med heimel i ny opplæringslov § 2-2 fjerde ledd, «Plikt til grunnskoleopplæring»: »Kommunen kan gi ein elev permisjon frå skulen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Kommunen gir forskrift om permisjon frå skulen.»

## § 1 Føremål og verkeområde

Forskrifta regulerer permisjonssøknader og gjeld for alle elevar i grunnskular i Bjerkreim kommune. Forskrifta gjeld ikkje for vaksne som mottar grunnskuleopplæring etter kapittel 18 i opplæringslova. Forskrifta skal vere med på å sikre elevane sin rett til grunnskuleutdanning, og bidra til likebehandling i dei tilfella føresette søker om permisjon.

## § 2 Permisjon frå pliktig opplæring


Skulen kan gi inntil 10 dagar permisjon i løpet av eitt skuleår, når skulen vurderer at opplæringa samla sett er forsvarleg. Føresette kan be om at dagane kan fordelast over fleire permisjonar. I vurderinga legg skulen mellom anna vekt på:

- a. Barnet sitt beste
- b. Barnet si mening/ytring
- c. Opplæringa eleven får i permisjonstida
- d. Læringsutbyttet eleven får i permisjonstida
- e. Skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida
- f. Eleven sitt faglege nivå
- g. Om eleven har hatt permisjon tidlegare

Skulen innvilgar som hovudregel ikkje permisjon i periodar med statlege kartleggingsprøvar, nasjonale prøvar, avgjerande vurderingssituasjonar på ungdomsskulen, prøveeksamen og eksamenar.

## § 3 Permisjon for trusretningar

Elevar som høyrer til eit anna trussamfunn enn den norske kyrkja, har etter søknad rett til permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har heilagdag, jf. opplæringslova § 2-2. Denne permisjonen inngår ikkje som permisjon i § 2. Retten til permisjon etter denne paragrafen føreset at foreldra sørger for opplæringa som



må til for at eleven skal kunne følgje med i opplæringa på skulen etter fråværet.

## **§ 4 Ugyldig fråvær**

Ein elev som ikkje har søkt om permisjon, eller har fått avslag på søknad om permisjon, og som likevel ikkje møter på skulen, får registrert dette som ugyldig fråvær. Eleven får også ugyldig fråvær, dersom eleven er borte meir enn perioden permisjonen er innvilga for. Opplæringsplikta opphører ikkje ved ugyldig fråvær.

## **§ 5 Saksbehandlingsreglar og klagerett**

Føresette sender skriftleg søknad om permisjon til skulen minst to veker før permisjonen skal starte.

Svar på permisjonssøknaden er eit enkeltvedtak. Føresette kan klage på enkeltvedtak innan tre veker etter at dei har blitt kjende med vedtaket. Dei sender skriftleg og grunngjeven klage til skulen v/rektor. Statsforvaltaren i Rogaland er klageinstans for klage på vedtak etter opplæringslova.

## **§ 6 Iverksetting og opphøyr**

Denne forskrifta trer i kraft 1. august 2024.

